



DEN NORSKE KYRKJA Stedje Sokneråd

Protokoll for møte i Stedje sokneråd onsdag 19.02.25.

Desse møtte: Astrid Bondevik, Guri Høstaker Nordheim, Jorunn Furuheim, Marta Fimreite, Sigfred Stenehjelm, Kirsti Lunde, Rolv Arvid Leirdal, Jan Helge Løvik, Grete Katrin Sønnesyn, Laila Ruggesæter Loven.

Forfall: Kirsti Møller Bruland

Opningsord ved Marta

Innkalling og sakliste vart godkjend.

Protokoll frå møtet 22.01 25 vart godkjend og underskriven.

Orienteringssaker

1. Gudstenester sidan siste møtet: Det har m.a. vore utdeling av Teikneserie-bibelen til 11åringane, der kun 8 av 50 møtte. Kyrkjekaffi har vore bak i kyrkja. Det har vore kveldsgudsteneste og Stille kveld (som vert rekna som «anna gudsteneste»)
2. Konfirmantundervisninga: Det har vore to fine konfirmantar-leirar på Lyngmo, i januar. God oppslutnad blant føresette som tok på seg ulike oppgåver. NB! *Dersom nokon melder seg til oppgåver men likevel ikkje trengs, fordi ein har nok medarbeidarar, så må desse få beskjed om dette så raskt som mogeleg.*
3. Konsert med Liv Glaser m fl var svært flott. Ca 70 frammøtte.
4. Julekonsert 9. des m. Atle Pettersen? Han stiller med alt utstyr og treng gratis lokale. Lokalt barnekor får 8000 kr. Soknerådet tener på billettinntekter. Sjå sak 11 for vedtak.
5. 11.februar; Inspirasjonskveld på Stedjetunet, m.a. om det nye planverktøyet «kirka vår».
6. 11.mars, fellesmøte på Stedjetunet for sokneråda i kommunen og fellesrådet. Prosten inviterer.
7. 17.mai.gudsteneste kl 10. Kransenedlegging kl 09.45. Astrid snakkar med 17.mai-komiteen om opplegget deira resten av dagen. Diskusjonen om eit nytt tidspunkt/ opplegg for 17.mai-gudstenesta må drøftast vidare i soknerådsmøte etter 17.mai.
8. Avtale om felles vass- og kloakkreinseanlegg, er no klar og ferdig behandla.
9. Soknemøte vert 2.mars etter gudstenesta. Sak: Årsmelding 2024 for Stedje sokneråd.

Vedtaksaker:

Sak 08/25 Årsmelding 2024 for Stedje sokneråd

Vedtak: *Årsmeldinga vart godkjent med dei endringane vi gjorde i møtet, og med dei detaljane vi snakka om i møte som måtte ordnast i etterkant. I tillegg til meldinga vert det lagt til rekneskap for 2024, samt årsrapport frå trusopplæring og diakoni.*

Sak 09/25 Arrangere dåpsgudsteneste på ein kvardag/søndag?

Ønskje frå soknepresten om dåpsgudsteneste og tilby kyrkjekaffi på Stedjetunet etterpå.

Vedtak: *Vi ser positivt på å ha ei dåpsgudsteneste til hausten, og soknerådet vil hjelpe til med kyrkjekaffi.*

Sak 10/25 Fleire til å stå på lister (kyrkjevert, medliturg og kyrkjekaffivert)

Vedtak: Denne saka kjem vi tilbake til.

Sak 05/25 Fasteaksjon 2025

Vedtak: Dei to arbeidsgruppene (lage rodekart/ klargjere bøsser) finn sjølve ein dag/kveld der dei ordnar dette.

Sak 11/25 Saker som kjem til

Vedtak: Vi er positive til julekonsert 9. des m. Atle Pettersen og sender spørsmål tilbake til Hallgeir vedrørende organisering av barnekor m.m.

Vår Far og velsigning v/ Astrid ml

Sogndal 24.02.25

Marta Fimreite - leiar

Guri Høstaker Nordheim- sekretær